

Plan for Osterøy-barnehagane

Kvalitetsutvikling 2023-2026

**Leik,
utforskning og livsmeistring
som grunnlag for livslang
læring**



Samandrag:

Dette dokumentet er ein fagleg og strategisk plan for korleis Osterøy-barnehagane skal utvikle seg for at barna skal trivast og utvikle seg, og på sikt sette barna i stand til å møte dei utfordringane som er i samfunnet lokalt og nasjonalt.

Gjennom systematisk utvikling av kvaliteten på barnehagetilbodet skal vi, saman med foreldra, sikre at barna får gode rammer for leik, utforskning og livsmeistring.

Forord.....	2
1. Planens forankring.....	3
2. Status og utfordringar i samfunnet - og i barnehagane	4
3. Leik, utforskning og livesmeistring som grunnlag for livslang læring	5
3.1 God omsorg og autoritativ vaksenstil	6
3.2 Medverknad i leik og pedagogisk innhald.....	8
3.3 Leik er sjølve livet	9
3.4 Utforskande pedagogikk som grunnprinsipp	11
3.5 Livesmeistring - å meistre livet slik det er	12
3.6 Hindre utanforskap og krenking.....	15
3.7 Språkarbeid i barnehagen	16
4. System for kvalitetsutvikling	18
4.1 Ansvar for kvalitet og utviklingsarbeid.....	18
4.2 Planarbeidet i Osterøy-barnehagane	19
4.3 Kvalitetssamtalar og oppfølging av sektorleiinga.....	21
4.4 Ei konkretisering av kvalitetssystemet	21
Referansar	23

Forord

Oppveksten til barn og unge er den viktigaste investeringa samfunnet har ansvar for. Barnehage, skule og helsetenestene til barn og unge må samhandle på tvers og sikre at ingen barn "fell mellom" i overgangane. Barnehagen er første del av opplæringsløpet og har eit spesielt ansvar for dei minste barna saman med Helsestasjonen.

I barnehagen skal alle barn utvikle språkkompetanse, dei skal oppleve å høre til og vere inkludert i fellesskapet. Barnehagen må nytte alle moglegheiter til å sikre barna si utvikling av språk og forståing av omgrep. Foreldra skal både vere involvert og informert om kvifor og korleis språkutvikling til kvart enkelt barn har betydning for all anna utvikling. Barnehage og føresette må gjere ein felles innsats og barnehagen er ein viktig arena for å få denne kunnskapen ut til føresette.

Barnehagen skal gjennom sitt verdigrunnlag gje barna omsorg og tilgang på leik, fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Verdiar som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet er verdiar forankra i menneskerettane. Disse verdiane skal stå sterkt i barnehagen saman med barn sine rettar gjennom FNs barnekonvensjon. Alle som har sitt arbeid med barn skal ha kunnskap og forståing på korleis barns rettar vert tatt i vare, blant anna gjennom barnet si rett til å medverke og bli hørt i alle sakar som vedkjem dei. Barnehagen har eit særskilt ansvar for å sikre at både barn og føresette har kunnskap om barn sine rettar.

Barnehagen har eit dobbelt samfunnsoppdrag ved at her skal barn få både danning og utdanning. Dette gjer vi som kommune best saman- og på tvers av tenester til barna. Ved å bygge ned siloane og sjå heile barnet, ha bakgrunnsforståing og jobbe saman som eit lag rundt barnet og familien skal vi saman gje eit godt, kompetent og likeverdig tilbod til barna og familiane i Osterøy.

Alle som arbeider med barn og unge må arbeide systematisk saman for å sikre at barn med spesielle behov får riktig hjelpe til riktig tid frå riktig teneste. Kommunen har eit spesielt ansvar for førebygging og tidleg innsats. Gjennom dette arbeidet skal kommunen sine tenester saman bidra til at alle barn og unge skal oppleve meistring og trivsel slik at dei får utvikla sitt potensial. Det langsigtige målet med opplæringa er at unge skal lukkast med vidaregåande opplæring og grunnlaget for dette vert lagt allereie i barnehagen.

Kvalitetsutviklingsplanen 2023- 2026 er ein fagleg forankra og strategisk plan for utvikling av kvaliteten på barnehagetilbodet i Osterøy kommune. Planen vart lagt fram for Heradsstyre i mai 2023. Også dei private barnehageeigarane på Osterøy sluttar seg til planen, slik at alle barnehagane står saman om dei faglege prioriteringane i tida framover for å sikre høg kvalitet i alle barnehagane.

Eg ønskjer lukke til i det viktige arbeidet med å implementere planen.

Olaf Hella

Kommunalsjef for oppvekst, undervisning og kultur

1. Planens forankring

Statlege føringerar for barnehagar

Barnehagesektoren har tydelege statlege føringerar og alle barnehageeigarar er forplikta til å drive i samsvar med Barnehagelova og Rammeplan for barnehagar (2017). Barnehagelova §1 uttrykker det slik:

Barnehagen sitt verdigrunnlag skal vere synleg i alle deler av barnehagen sitt pedagogiske arbeid. Barndommen har eigenverdi, og barnehagen skal ha en heilsakleg tilnærming til barna si utvikling.

Barnehagens samfunnsmandat er, i samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barna sine behov for omsorg og leik og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Ein må sjå leik, omsorg, læring og danning i samanheng.

Nasjonale tiltak

Nasjonalt er det satt inn mange tiltak dei siste åra for å sikre likeverdig og høg kvalitet i samlede barnehagar i Norge og styrke barnehagane som læringsarena. Den siste strategien for å oppnå dette er «Barnehager for en ny tid. Nasjonal barnehagestrategi mot 2030» (Kunnskapsdepartementet, 2023). Her vert regjeringa sine målsettingar og ambisjonar lagt fram, dei inviterer til samarbeid om kvalitetsutvikling og det vert slått fast at kontinuerleg kvalitetsutvikling er ein føresetnad for å skape gode barnehagar. Utdanningsdirektoratet skal fortsette å utvikle digitale ressursar som barnehagane kan bruke i det kompetansehevande arbeidet og alle ressursane er tilgjengeleg på Udir si nettside, [Arbeid med kvalitet og kompetanse](#).

Kommunens lokale styringsdokument

- Kommunedelplan for samfunnsutvikling 2022-2030
- Kommunedelplan for oppvekst 2019-2023
- Barnehagebruksplan for Osterøy kommune, 2021-2030.
- Osterøy på sitt beste. Felles ansvar for ein trygg og meiningsfull kvardag 2023-2025.

«Osterøy på sitt beste. Felles ansvar for sin trygg og meiningsfull kvardag» er eit styringsdokument for Oppvekst, undervisning og kultur i Osterøy kommune i perioden gjeldande frå august 2023. Dette styringsdokumentet ligg også til grunn for vår kvalitetsutviklingsplan for barnehagane. Kommunen vil arbeide for at kvart barn og kvar ungdom skal oppleve ein trygg og meiningsfull kvardag. Visjonen er akkurat dette:

«Felles ansvar for ein trygg og meiningsfull kvardag».

For å komme nærmare denne visjonen må alle i oppvekstsektoren arbeide mot desse to hovudmålsettingane:

1. Innbyggaren møter engasjerte tilsette som rettleiar likeverdig, treffsikkert og målretta
2. Innbyggjaren opplever å ha ein viktig plass i fellesskapet og bidrar til eit positivt mangfold



2. Status og utfordringar i samfunnet - og i barnehagane

Kvar dag er viktig i barnet sitt liv, og livet i barnehagen har både eit her-og-no-perspektiv og eit framtidsperspektiv. Barnehagen skal skape gode dagar for barna og vi ønsker å styrke barna slik at dei i framtida kan skape seg eit godt liv, både personleg og som samfunnsborgar.

Kompetanse og leiing er avgjerande for kvaliteten

Kunnskapsdepartementet legg til grunn at dei tilsette sin kompetanse og måten barnehagane vert leia på er avgjerande for kvaliteten i barnehagane. Forsking viser at barnehagar generelt er gode på å planlegge og gjennomføre planar, men at ein i mindre grad legg evaluering av planane til grunn for ny planlegging. Det vert i tillegg etterlyst meir systemisk arbeid for å sikre at barna si læring.

Oppvekstreforma 2022 gir kommunen større ansvar på barnevernsområdet og skal bidra til at å styrke førebyggande arbeid og sikre tidleg innsats i heile oppvekstsektoren. Folkehelseinstituttet sin oppvekstprofil for Osterøy kommune (2022) visar at vi har fleire barn i alderen 0-17år på barnevernstiltak enn det som er gjennomsnitt i norske kommunar.

Målet med oppvekstreforma er at barn og familiar skal få hjelp tidlegare og slik forhindre at det skjer alvorleg omsorgssvikt og overgrep. Stortinget har nyleg presisert i Barnehagelova at barnehagane har ei plikt til å samarbeide med andre velferdstenester til det beste for barnet. Konsekvensen er at barnehagen må tenkte nytt på kven ein kan samarbeide med for å sikre at barn - og familiar - får samordna tenester.

Utfordringar i oppvekstmiljøet på Osterøy

I Oppvekstprofil 2022 og Folkehelseprofil 2023 er det oppsummert styrkar og utfordringar i oppvekstmiljøet på Osterøy. Det er nokre områder som utpeiker seg som områder vi verkeleg treng å gjere noko med, og det er opplevd helse og grunnleggande lese- og rekneferdigheiter.

Både før og etter korona rapporterer ungdomsskuleelevar at dei er mindre nøgd med helsa enn det som er landsgjennomsnittet og fleire opplever psykiske vanskar og at dei er einsam. Ungdata (2021) viser at det er flest jenter i barneskulealder som melder om psykisk uhelse, men når barna vert eldre kan det sjå ut til å snu, at det er unge menn som i større grad har psykisk uhelse. Nasjonalt er det om lag 650 sjølvmeddert dødsfall i Norge per år, og 2/3 av desse er menn.


På skulen i 5.trinn er det 38% på Osterøy mot 23% landsgjennomsnitt som har lågaste meistringsnivå på lesing, noko som gjer at dei ikkje har føresetnad til å klare å orientere seg i andre skuleoppgåver. Det er same tendens på rekning i 5.klasse. Ungdommane rapporterer også at dei har lågare trivsel i 7.trinn enn elles i landet.

At barna har mot til å sette grenser for seg sjølv og eigen kropp, og få andre til å respektere eigne grenser, peikar seg ut som eit viktig område for forebyggande arbeid i barnehagen. Går vi meir detaljert inn i Ungdata(2021) les vi mellom anna at det er eit problem at det vert delt nakenbilder mellom ungdommane. Folkehelseinstituttet melder at 1 av 5 jenter og 1 av 14 gutter opplever seksuelle overgrep i barne- og ungdomsårene.

Desse utfordringane legg Osterøy-barnehagane til grunn for kvalitetsutviklinga i planperioden. Gjennom leik, utforskande pedagogikk og øve seg på å meistre livet slik det er, vil vi svare ut desse problemstillingane.

3. Leik, utforskning og livsmeistring som grunnlag for livslang læring

Målsettingane i denne planen set retning for kvalitetsutviklinga i barnehagesektoren i Osterøy kommune dei neste årene og er visualisert i figur 1, Grunnlag for livslang læring. Kapittel 3 beskriv kommunen si lokale vektlegging av Rammeplanen, og skal brukast aktivt av kvar barnehage i utarbeiding av årsplanar. Det vil sei at kvar barnehage skal i sin årsplan konkretisere kva dei vil ta tak i for å arbeide mot målsettingane det einskilde barnehageåret, for så å sette nye områder for neste barnehageår. På sikt arbeider kvar barnehage systematisk mot måloppnåing av våre felles målsettingar.



Figur 1. Grunnlag for livslang læring (Osterøy-barnehagane, 2023)

Eit sosiokulturelt læringssyn - vi lærer saman med andre

Kvalitetsutviklingsplanen vår er forankra i nyare nordisk forsking og Rammeplan for barnehagen, som har ei solid forankring i eit sosiokulturelt læringssyn. Det betyr i praksis at læring skjer i eit sosialt samspel og leik med andre. Læringa oppstår mellom individ gjennom samtalar, utforskning og utprøving, i ein spesiell kontekst. Både det fysiske og sosiale miljøet har stor betydning for kva læring som skjer, og refleksjonar over dette er viktig å ta med seg inn i det didaktiske arbeidet som skjer på kvar avdeling i alle Osterøy-barnehagane.

Som ein konsekvens av det sosiokulturelle læringssynet skal vi først vurdere korleis ein kan legge til rette det fysiske og sosiale miljøet når eit eller fleire barn strevar. Større delar av den spesialpedagogiske hjelpa som nokre barn har behov for skal også skje saman med andre barn, og i mindre grad ein-til-ein.

Eit samarbeid til barnets beste

Eit aktivt og gjensidig samarbeid mellom foreldre og barnehagen er grunnleggande for at barnet skal oppleve ein samanheng i kvardagen sin. Gjennom formelle samtalar og dialog i hente- og bringesituasjonen vert mykje viktig informasjon delt som er avgjerande for korleis barnehagen og foreldre kan følgje opp barnet sin trivsel og utvikling. Foreldre og tilsette treng og å ha ein dialog om korleis støtte barnet, slik at barnet gradvis meistrar balansen mellom å ivareta eigne behov og det å ta omsyn til andre sine behov.

Det er forventa at foreldrerådet (alle foreldre, til dømes på foreldremøter) skal fremje foreldra sine fellesinteresser og bidra med samarbeid for å skape eit godt barnehagemiljø for alle barn.

3.1 God omsorg og autoritativ vaksenstil

For å kunne gje barna god omsorg slik Rammeplanen beskriv i kap.3, utøver tilsette i Osterøy-barnehagane ein autoritativ vaksenstil. Målsettinga for perioden vil gje retning til årsplanarbeidet og fagleg utvikling i kvar barnehage.

3.1.1 Målsetting

Målsetting for perioden 2023-2026:

Tilsette i Osterøy-barnehagane byggjer gode relasjonar gjennom å møte alle barn med varme og tydelege forventningar

Dei tilsette må:

- Vere vaksne som viser empati og er trygge, varme og tydelege i relasjon med barna
- Kommunisere krav og forventingar for å lære barn kva normer som gjeld i ein barnehagekvardag
- Leggje til rette for meistringsopplevelingar og dele glede og begeistring ilag med barna
- Hjelpe barna å organisera og setje ord på følelsane sine
- Gjere barna bevisste på å sette eigne grenser, hevde seg sjølv, respektere andre sine grenser og øve på konfliktløysing

3.1.2 Fagleg grunngjeving for målsetting

Det må vere samsvar mellom det vi sei og det vi gjer

For å sikre ein god standard og høg bevisstheit på korleis vi utøver yrket vårt, vektlegg vi den autoritative vaksenstilen. Dei viktigaste prinsippet er å balansere bygging av gode relasjonar med det å stille krav. Osterøy kommune sine barnehagar jobba med eit kompetanseløft i relasjonsarbeid, "Vere Saman", i perioden 2014-2017, og det utgjer ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget vårt.

Vi er bevisste at alle vaksne, både tilsette og foreldre, er rollemodellar og sosiale forbilder for barna. Vi skal anerkjenne at vi er forskjellige, kommunisere at vi har behov for ulike ressursar inn i fellesskapet og vise at vi bryr oss om og vise omsorg for kvarande.

Handtere utfordrande atferd ved å utøve varm relasjonsbygging og vere tydeleg

Dem autoritative vaksenstilen skal utgjera ein viktig del av barnehagen sin pedagogiske plattform og personalet si felles forståing for korleis ein utøver vaksenrolla, yter omsorg og skapar gode rammer for barna si utvikling. Prinsippet går ut på at personalet utøver yrke i ein dynamisk kombinasjon av varm relasjonsbygging til barna, og utøving av ein tydeleg vaksenstil når det gjeld å setja krav og grenser.


Forsking på utøving av den autoritative vaksenstilen viser at den fremjar positiv atferd og hemmar negativ atferd hjå barnet (Baumrind, 1991), (Roland, Sørensen, Vaaland og Størksen 2007).

Den vaksne tek ansvar for å leva seg inn i barn sine opplevelingar og gir støtte og varme i kvardagen.

Samstundes tek den vaksne på seg ansvaret å setja grenser for barnet, der barnet sjølv ikkje har innsikt til

å forstå behovet for å begrensa seg. Det kan dreia seg om barnet sin tryggleik, søvn og mat, eller impulsive handlingar i samspel med andre barn.

Circle of security (COS) eller Den trygge sirkelen på norsk, er ein god veiledningsmodell som bygger på den same varme vaksenstilen. Den vaksne tek ansvar for å hjelpe barnet til å regulere følelsane sine, til å føle seg trygg, tatt vare på og forstått. Slik får barnet ein trygg tilknyting til omsorgspersonen. Barn med god tilknytning er tryggare, og kan sjå ut til å vere meir sjølvskre, sosiale og empatiske (Trine Jonassen, 2016, Den trygge sirkelen).



Figur 2. Den trygge sirkelen (Jonassen, T. 2016)

3.2 Medverknad i leik og pedagogisk innhold

I FNs barnekonvensjonen artikkel 12 står det at barn har rett til å sei meininga si og at deira meiningar skal bli tatt på alvor. Rammeplanen for barnehagen er bygd på barnekonvensjonen og kapittel 4 handlar om barns medverknad i barnehagen. Målsettinga for perioden vil gje retning til årsplanarbeidet og fagleg utvikling i kvar barnehage.

3.2.1 Målsetting

Målsetting for perioden 2023-2026

Barnet opplever at det har verdifulle bidrag i leik, utforsking og problemløysing.

Dei tilsette må:

- Fange opp kva barna interesserer seg for, kva dei kan og kva dei er nysgjerrige på. Dette gjeld både når barna ikkje har verbalt språk og når dei kan kommunisere verbalt.
- Velje bevisst metodar som sikrar medverknad
 - sjå 3.3 Leik er sjølve livet
 - sjå 3.4 Utforskande pedagogikk som grunnprinsipp
- Arbeide bevisst for at barna skal bli trygge i seg sjølv og utvikle ein god sjølvfølelse
 - Sjå 3.5 Livsmeistring - å meistre livet slik det er
- Bruke pedagogisk dokumentasjon som grunnlag for utvikling av leik og vidare planarbeid
 - Begynn med barna: planlegge utvikling av leik/ tema / prosjektarbeid ut frå barna sine interesser, kunnskap og engasjement.
 - Eller begynn med eit valgt tema, deretter barna: introduser tema ved å gje ein felles opplevelse om temaet, og utvikle temaarbeidet ut frå korleis barna responderte og kva dei responderte på.

3.2.2 Fagleg grunngjeving for målsetting

Alle barn skal få erfare å påverke det som skjer i barnehagen

Vi ser barna som fullstendige individ her og no, ikkje berre kva dei skal bli som vaksne. Korleis medverknaden skjer må tilpassast ut frå alder, modning, individuelle føresetnader og behov, og det er alltid tilsette / foreldre som tek ansvaret med å bestemme.

I leik og planlegging av temaarbeid er det viktig å ta utgangspunkt i barna sine interesser, kva som engasjerer eller kva dei er nysgjerrig på og legge til rette for dette. Når leiken eller temaet stagnerer kan tilsette tilføre nye moment for å utvide leiken eller drive temaet vidare. Å medverke i leik og pedagogisk innhold handlar difor ikkje om å få bestemme eller få viljen sin, men å vere ein del av fellesskapet og kunne påverke leiken og temaet saman med andre ved å gje uttrykk for interesser, kunnskap og meiningar.

For at barna skal få oppleve medverknad må barnehagen ha tilsette som har eit medvite syn på kva medverknad er. Tilsette må fange opp kva barna uttrykkjer og er interesserte i, korleis trivselen er og korleis aktivitetar, dagsrytme og organisering fungerer for borna, uavhengig av alder. Tilsette må difor ha dette perspektivet med seg i alle planar, i alle møte med barna og i samtalar med foreldre. Osterøy-barnehagane vil gjennomføre Barnesamtalar med 3- og 5-åringane med fokus på trivsel og medverknad.

Barna som ikkje uttrykker seg verbalt

Barna som ikkje har eit verbalt språk uttrykkjer seg gjennom kroppsspråk og samhandlar på ulike vis. Til dømes uttrykker barna mykje gjennom blikk-kontakt, om dei spring eller er i ro, kva lydar brukar dei, eller er dei stille og passive, om dei søker andre eller trekk seg unna. Alt dette gjev til saman mykje informasjon om kva barna liker, interesserer seg for og engasjerer seg i, samt kva dei ikkje likar eller trivs med.

Rolleleiken er svært krevjande for barn utan god norskspråkleg kompetanse, og barna kan ofte ha meir fysisk leik enn andre jamnaldra. Å utvide leiken med nye moment kan vere ein måte å medverke, og samstundes bygge meistring og progresjon.

Observasjon av det nonverbale språket er dermed sentralt for å få informasjon om barna sin trivsel og kva dei interesserer seg for, og leggje dette til grunn for deira medverknad. Samtale med foreldra kan gje viktig informasjon om barnet sine interesser og tilsette kan ta dette med i vidare planlegging.

3.3 Leik er sjølve livet

Barnehagen skal gje gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur, samstundes som den er ein arena for deira utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling (Rammeplanen, 2017).
Målsettinga for perioden vil gje retning til årsplanarbeidet og fagleg utvikling i kvar barnehage.

3.3.1 Målsetting

Målsetting for perioden 2023-2026

Osterøy-barnehagane har leikesterke barn og leikekloke tilsette

Dei tilsette må:

- Legge til rette for glede, humor og engasjement i leiken åleine og saman med andre
- Bidra til at barna får felles erfaringar som grunnlag for leik
- Støtte og rettleie barna i deira leikeutvikling
- Inspire til utvikling av leiketemaer og utvide leikefaringar med variert materiale
- Skape inkluderande leikemiljø der alle barna kan delta i leik og oppleve glede i leiken
- Observere, analysere, støtte, delta i og berike leiken på barnas premisser
- Reflektere over korleis dagsrytme, rutinar og normer påverkar leikevilkåra
- Organisere rom, tid og lekemateriale for å inspirere til ulike typer lek

3.3.2 Fagleg grunngjeving for målsetting

Innhaldet i leiken

For kvart barn er det ei heil reise å lære seg å leike, heilt frå då dei som små spring ved sidan av kvarandre og har det gøy, til ein avansert rollelek når barnet er blitt større. Når barn slit med å komme inn i leik har tilsette har ei viktig rolle ved å sette i gang leik. Nokre barn er gode på det konkrete, som å spille ball, medan det abstrakte i leiken er vanskeleg å forstå. Å bruke fantasien i leiken kan såleis vere vanskeleg. Dei barna som ikkje vel å spille ball, treng gjerne støtte for å bli trygge nok til å utfordre seg fysisk. Ved å gje barna **felles referanseramme/erfaringar** som grunnlag for leiken, har barna eit betre utgangspunkt for å delta i leiken og kunne utvikle leiken saman.

Når barna leiker same leik over tid eller at leiken ikkje er interessant lenger, vil tilsette tilføre nye moment ut frå det barna er interessert i. Dette kan *berike leiken* og tilføre ny humor, spenning og engasjement inn i leiken. Tilsette arbeider aktivt med å legge til rette for inspirerande leikemiljø og skape *inkluderande leikefellesskap* ved å legge til rette for felles leikefaringar.

Barns medverknad i leik er å ta utgangspunkt i barna sine interesser, engasjement og behov. Det er også viktig at barn har høve til å leike aleine om dei ønsker det. Nokre barn er ekstroverte og andre er introverte, og dei treng ulike impulsar i løpet av ein dag.

Når tilsette er **fysisk aktive** visar forsking at det inspirerer også barna til å bli meir fysisk aktive i leiken. Dette gjeld både inne, ute på leikeplassen og i områder med variert natur. På Osterøy har dei fleste barnehagane lavvo i eit naturområde nær barnehagen og alle har variert natur tett på.

Dei fysiske rammene må endrast i samsvar med barnegruppene sine behov

Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulik type leik både ute og inne. Dei fysiske rammene, det vil sei korleis leiker er presentert, kva type leiker og materiell vi har, og korleis rommene er møblert har stor betydning for korleis barna leikar. Når ein tenker innreiing av ei avdeling er det viktig å ivareta nokre grunnprinsipp, slik som at barna må ha møteplassar som inviterer til samhandling, og gjere lokale tilpassingar til barna sine interesser og engasjement. Møteplassane skal gjere det lettare for barna å bli inkludert i leiken og i fellesskapet. I utviklinga av leikemiljø kan vi til dømes reflektere over:

- Kva påverkar møbleringa i eit rom barna sin leik? Inviterer det fysisk miljøet til leik?
- Korleis kan vi legge til rette for det barnegruppa interesserer seg for i leikemiljøet?
- Korleis inspirerer ulikt materiell og leikar barna sin leik og samhandling? Kva justeringar kan vi gjere og kan vi prøve ut noko nytt?
- Speilar leikematerialet vårt det mangfaldet vi har i barnegruppa?

Det usynlege miljøet som gjev rammer til leiken

Dagsrytmen, organisering av barnegruppa, ulike perspektiv på barns læring og tilsette sine haldningar er dømer på det usynlege miljøet på ei avdeling. Barnehagane skal reflektere over korleis det usynlege miljøet påverkar barna sin leik. Vi kan til dømes reflektere over at nokre avdelingar har oftare ryddetid enn andre, kvifor er det slik? Er det til det beste for barna sin leik eller hindrar det den gode leiken? Korleis kan vi justere dagsrytmen til det beste for barna?

3.4 Utforskande pedagogikk som grunnprinsipp

Rammeplanen legg vekt på at barna skal utvikle kunnskapar og ferdigheiter innanfor fagområda gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar (Rammeplanen, 2017, s.47). Osterøy-barnehagane har ei målsetting om at utforskande pedagogikk skal vere eit grunnprinsipp i tilnærminga til læring og sosialt samspel. Målsettinga for perioden vil gje retning til årsplanarbeidet og fagleg utvikling i kvar barnehage.

3.4.1 Målsetting

Målsetting for perioden 2023-2026

Barna i Osterøy-barnehagane får gjennom utforsking eit godt grunnlag for livslang læring

Dei tilsette må:

- Utvikle tema- eller prosjektarbeid ut frå barna sine interesser og engasjement
- Legge til rette for samskaping gjennom å bygge på barna sin kunnskap og deira innspel
- Vere *undrande* og *anerkjennande* i dialog med barna
- Kunne stille gode, inviterande og produktive spørsmål
- Lære av kvarandre gjennom kollegaveiledning og felles refleksjonar
- Dokumentere på ein måte som fører til refleksjon og vidare arbeid
- Leggje til rette for at borna skal oppleve at nysgjerrigkeit og lærelyst gir glede og trivsel, og at «feil» svar kan gje ny læring

3.4.2 Fagleg grunngjeving for målsetting

Skape ny mening og kunnskap saman med andre

Ord som ein har brukt lenge i barnehagar er å vere *undrande* og ha ein *anerkjennande dialog* med barna. Ein utforskande pedagogikk bygger på dette og vi skal løfte det eit steg vidare. Heilt sentralt i utforskande pedagogikk er at barnet skal være aktivt deltagande i å *skape ny mening* eller *kunnskap saman med andre*. Her er det viktig at den tilsette ikkje serverer svaret som ein fasit, men at ein saman kan klare å utforske kva ting kan bety, finne samanhengar og ha tillit til at vi til saman har mykje kunnskap. Barna vil over tid opparbeide seg kompetanse på å stille spørsmål, finne informasjon og resonnere seg fram til svar.

Når eit barn opplever seg sjølv som aktiv, medverkande deltagar i desse prosessane vil barnet oppleve å vere ein medborgar som har viktig plass i fellesskapet. Dette er også ein form for demokratiutøving, barnet sitt første møte med å ha ei stemme i fellesskapet.

Progresjon i kunnskapsutviklinga

Dybdelæring på eit område krev at vi saman søker kunnskap og nyttar ulike metodar over lengre tid. Det er viktig at vi tek utgangspunkt i det barna allereie kan og bygger vidare på denne kunnskapen, og slik vil barna stadig få ein progresjon i sin kunnskapsutvikling. Gjennom utforskande pedagogikk som arbeidsmetode får barna medverke, og barna vil då lære meir om dei tema og fagområda dei interesserer seg for.

Pedagogane vil gjennom sine faglege vurderingar ivareta progresjon i fag/tema ut frå barnegruppa si medverknad, deira interesser og engasjement. Vi vil av denne grunn ikkje fastsette på førehand progresjon i dei ulike faga i Rammeplan for barnehagen.

Forsking om utforskande pedagogikk

Høgskulen på Vestlandet, HVL, har eit forskningssenter som heiter Barnkunne. Dei framhevar det positive med det dei kallar «Samarbeidande utforskning», der ein tek barna sin fantasi og leik på alvor, samstundes som det legg grunnlag for å følge opp barns nysgjerrigkeit og utholdenheit i å undersøke og søke etter mening og kunnskap om verden dei lever i (Cremin, et al, 2015, Ødegaard, 2021). Vi ser dette som ein motvekt til programtenkning og «skulifisering» av barnehagen, samstundes som barn si læring er vektlagt.

Osterøybarnehagane skal vere pilot i HVL sitt forskningsprosjekt [Move-Play-Explore in Early Childhood Education](#), som har ei målsetting om å utvikle ein heilsakleg pedagogikk der bevegelse, leik og utforskning er sentralt. Osterøy-barnehagane skal vere pilot, vi deltek i samskapingsmøter og skal i 2023-2024 arbeide tett saman med HVL om kompetanseutvikling og heilsakleg pedagogisk tilnærming.

3.5 Livsmeistring - å meistre livet slik det er

Livsmeistring handlar om å øve seg på å meistre livet slik det er, øve seg på å handtere utfordringar i lag med andre, og få hjelp og emosjonell støtte til det av foreldre og tilsette i barnehagen.

Barnehagen skal bidra til ein god barndom her og nå, og legge grunnlaget for livslang læring, eit godt liv og deltaking i framtidas samfunn. Vi har tre målsettingar som er viktige for barna si for livsmeistring, fysiske og psykiske helse; takle motgang, oppleve meistring og få eit sunt forhold til mat. Målsettingane for perioden vil gje retning til årsplanarbeidet og fagleg utvikling i kvar barnehage.

3.5.1 Målsettingar

1. Målsetting i perioden 2023-2026

Barna i Osterøy-barnehagane vert robuste gjennom å øve seg på å takle motgang i eit trygt miljø

Dei tilsette må:

- Vere støttande stillas og stimulere til at barna utfordrar eigen komfortsone, både fysisk og psykisk
- Styrke barna si sjølvregulering og hjelpe dei med å sortere, sette ord på og få verktøy til å handtere følelsane sine
- Legge til rette for at barna til dømes får øve på å møte motstand og finne måtar å takle det, til dømes dele leikar, vente på tur og utsette eigne behov
- Tilretteleggje for at borna utviklar positive haldningar til aktiv bruk av eigen kropp
- Bruke Tryggleiksirkelen aktivt og vere større, sterkare og klokare

2. Målsetting i perioden 2023-2026

Barna i Osterøy-barnehagane opplever eit rikt miljø som stimulerer til meistringsopplevelingar

Dei tilsette må:

- Tilretteleggje for at barna vert sjølvstendige, slik som i prosjektet "La meg klare det sjølv"
- Arbeide aktivt for å skape inkluderande fellesskapsopplevelingar og hindre utanforskap
- Legge til rette for mestring og dele barna si glede og begeistring
- Prioritere og stimulere til fysisk leik, leik i ulendt terren, turdagar og aktiv bruk av lavvo området.
- Bidra aktivt i Move-Play-Explore, eit forskings- og utviklingsprosjekt, i 2023-2024.

3. Målsetting i perioden 2023-2026

Osterøy-barnehagane skapar gode måltidssituasjonar og bidreg til at barna får matglede

Dei tilsette må:

- Oppfordre barna til å kjenne etter om dei er mette og regulere matinntaket etter behov
- Presentere maten på ein innbydande måte
- Ha kunnskap om næringsbehov hjå små barn
- Auke kunnskap om manglar og styrkar i det norske kosthaldet for barn under 5 år
- Bruke eit mangfold av matvarer i det pedagogiske arbeidet for å utforske smak og sansar
- Bruke ein utforskande pedagogikk i kosthaldet ved hjelp av Sapere-metoden
- Følge dei [nasjonale kostholdsråda](#) frå Helsedirektoratet.

3.5.2 Fagleg grunngjeving for målsetting

Robuste barn

Å vere robust kan handle om å tåle å møte motstand og finne måtar å handtere det på. Det kan vere på enkle områder som at det er tungt å gå opp ein bakke, dele leikar med andre barn, kunne vente på tur, gjere ting som ikkje alltid er så morsomt, og måtte utsette eigne behov.

I det å vera robust ligg drivkrafta og livsmotet vårt. Det er å halde fast på det vi trur på også når det stormar kring oss. Vi vil skape eit trygt barnehagemiljø som bidreg til å gje barn meistringstru og motstandskraft. Å øve seg i trygge rammer er heilt sentralt.

Skal barna oppleve å få støtte når dei støter på utfordringar, må tilsette ha nære og varme relasjoner, og tone seg inn på barna sine tankar, kjensler og handlingar. Vi skal prøve å forstå barnet sine reaksjonar, løfte deira kompetansar, støtte barna i deira emosjonelle reaksjonar , og gje dei redskap til å handtere reaksjonane. Barnas eigne ressurser som lærelyst og tru på eigne evner skal få veksa seg sterke gjennom denne måten å bli møtt på.

Meistringsopplevelingar

Osterøy barnehagane har fokus på at barna skal øve på å bli sjølvstendige frå tidleg alder. I prosjektet "La meg klare sjølv" (2021) hadde vi ei kompetanseheving på ergonomi for barn og vaksne, og at barna får erfaringar med å mestre mest muleg i kvardagssituasjonar.

Eit inkluderande miljø i barnehagen fremjar barn si fysiske og psykiske helse. Eit barn vil stadig møte nye utfordringar på mange ulike område. Barn lærer om seg sjølv og omverda ved hjelp av kjensler, sansar og aktiv bruk av kroppen sin. Utfordringar som barna etter kvart klarer aleine, eller med litt hjelp, er avgjerande og viktige meistringserfaringar.

Allsidig bevegelseserfaring i tidleg alder er viktig for barn si totale utvikling, og det er stor variasjon i kva som er barna si komfortsone for fysisk bevegelse. Å utvide komfortsona gjennom leik kan gi gode meistringsopplevelingar.

Matglede og sunt kosthald

Gode kosthaldsvaner vert danna tidleg. Den gode samtaLEN og stemninga mellom barn og tilsette danner ei svært viktig ramme for måltidene. Vi vil motivere barna til å ete sunn mat og få ei grunnleggande forståing for korleis sunn mat kan bidra til god helse.

Barnehagane er pålagt å følge dei nasjonale kosthaldsrådene frå Helsedirektoratet og rutinar frå Mattilsynet, og vil i planperioden utvikle rutinane våre og kunnskapen i tråd med desse. Kosthald er noko som engasjerer mange foreldre og tilsette. Barn som går i barnehage et om lag 3000 måltid i barnehagen før skulestart. Undersøkingar viser at det vert servert for lite fisk og grønsaker i norske barnehagar, og at det er for lite kunnskap om mengde mat eit barn i førskulealder har behov for. Frykt for ukjent mat er medfødt, såkalla matneofobi, og er sterkest i alderen 1,5-6 år. Matneofobi er viktig i meir primitive samfunn til dømes for å unngå å ete bederva matvarer. Å utfordre barn si utvikling av smak- og konsistenspreferanser er viktig for å etablere gode vanar og at kroppen skal få tilstrekkeleg næring.

Eit barn i vekst treng 85 kcal/kg/dag. Det vil sei at eit barn på 10 kg treng 850 kcal per dag, og eit på 20 kg treng 1700 kcal. Til samanlikning treng vaksne om lag 30 kcal/kg/dag, det vil sei ein person på 60 kg treng 1800 kcal per dag. Det å lære å regulere matinntak og kjenne når ein er mett er ei læringssak. Barn i vekst har generelt eit høgare behov for jern, kalsium, vitamin E og D enn vaksne, medan sukker, salt og metta fett har mange barn eit for høgt inntak av. Barn og eldre har dårlegare tørstesignal, og det er viktig å tilby vatn som tørstedrikke for å ikkje bli dehydrert. For barn er det vanleg å forveksle tørst og svolt, noko som er viktig å vurdere dersom barn er småspiste eller storaspiste.

Barn kan lærast opp til å like det aller meste av mat, og det er lurt å starte tidleg. [Sapere](#) er ein metode for å utvikle barna sine smaksopplevelingar og glede kring mat. Det er eit pedagogisk verktøy der barna får utvikle undring og matglede, utforske grunnsmakane sine, utvikle sansar og smaksglede.

3.6 Hindre utanforskning og krenking

Osterøy-barnehagane arbeider for at kvart barn skal ha gode dagar i barnehagen og barnet opplever å høre til i fellesskapet. Det førebyggande arbeidet for å hindre utanforskning, mobbing og krenking er retta mot barnehagekulturar, leiing, kollegasamarbeid og foreldresamarbeid (Lund, I og Helgeland, A. 2020). Målsettinga for perioden vil gje retning til årsplanarbeidet og fagleg utvikling i kvar barnehage.

3.6.1 Målsetting

Målsetting for perioden 2023-2026

Barna i Osterøy-barnehagane har eit trygt og godt barnehagemiljø

Dei tilsette må:

- arbeide systematisk med satsingsområdene i denne planen som førebygging
- følgje med på korleis barn har det
- melde frå til styrar om *mistanke eller kjennskap* til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø
- stoppe krenkingar frå barn eller tilsette
- undersøke kva som er oppretthaldande faktorar i organisering, fysisk og sosialt miljø
- samarbeide med foreldre om ein aktivitetsplan / tiltaksplan
- gjere faglege vurderingar skriftleg
- styrar melder frå til barnehageeigar i alvorlege saker eller om ein tilsett krenkar eit barn

3.6.2 Fagleg grunngjeving for målsetting

Å kjenne at ein hører til er det motsette av å oppleve utanforskning

Gjennom vår satsing på leik, utforsking og livsmeistring arbeider vi aktivt for å sikre at kvart barn skal oppleve å høre til og får ein god tilknyting til andre barn og til dei tilsette. Å kjenne at ein hører til har ein god emosjonell forankring og er meir enn å berre bli inkludert. Eit inkluderande og trygt fellesskap kjem ikkje av seg sjølv, men gjennom systematisk og bevisst relasjonsarbeid.

Viktig ansvar som rollemodell

Alle vaksne, både foreldre og tilsette i barnhagen, må vere bevisst det ansvaret vi har som sosiale forbilder og kor viktige rollemodellar vi er for barna. Omsorgsfulle relasjonar er ein forutsetning for at barn skal trives og kjenne at barnehagen er ein trygg stad å være. Det er gjennom andre sin omsorg at barnet utvikler grunnleggande sosiale ferdigheter og sin eigne omsorgsevne. For at barna skal utvikle dei grunnleggande sosiale ferdighetene vil dei tilsette i Osterøy-barnehagane utøve ein autoritativ vaksenstil. Les meir om dette, *pkt. 3.1 God omsorg og autoritativ vaksenstil*.

Barnehagens psykososiale miljø

Barnehagelova kapittel 8 set krav til det psykososiale barnehagemiljøet, med nulltoleranse for krenking av barn, krav til følgje med korleis barna har det, krav til å melde frå, undersøke og sette inn tiltak på grunnlag av ein konkret og fagleg vurdering. Å bli utestengt frå leik er alvorleg for barnet og forsking visar at tilsette i barnehage også kan krenke barn.

Begrepet mobbing har ein anna betydning i barnehage enn det som har vore vanleg elles i samfunnet. Vår definisjon på mobbing er: «*Mobbing av barn er handlinger fra voksne og/eller barn som hindrer opplevelsen av å høre til, å være en betydningsfull person i fellesskapet og muligheten til medvirkning*» (Lund, Helgeland, Kovac, 2017).

Barnehagelova §41 sei det slik: «*Barnehagen skal ikke godta krenkelser som for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når et barn i barnehagen utsettes for slike krenkelser*».

3.7 Språkarbeid i barnehagen

Språk som basiskompetanse er ein av barnehagen sine viktigaste oppgåver og vesentleg for barn si utvikling. Språk er naudsynt i leik, i sosial interaksjon og i ulike læringsituasjonar her og no og i framtida. Målsettinga for perioden vil gje retning til årsplanarbeidet og fagleg utvikling i kvar barnehage

3.7.1 Målsetting

Målsetting for perioden 2023-2026

Barna utviklar språkforståing og ordforråd gjennom systematisk arbeid med innhald, bruk og form

Dei tilsette må:

- Bruke *Språkplan for barnehage og grunnskule i Osterøy kommune*
- Arbeide med innhald: språkforståing og språkleg bevisstheit
- Arbeide med bruk: samspel, kommunikasjon og merksemrd
- Arbeide med form: uttale, ordproduksjon og setningsproduksjon
- Verdsetje dei gode samtalane
- Bruke eit rikt utval av bøker og variasjon i måtar å lese for borna på
- Bruke dagtavle med bildestøtte, som til dømes Alternativ supplerande kommunikasjon, ASK.
- Nytilsette får innsikt i UDIR sine [språkløyper](#)

3.7.2 Fagleg grunngjeving for målsetting

Språk - ei viktig satsing

Alle treng språk for å utvikle seg språkleg, sosialt og fagleg. Språk gjev moglegheit til deltaking, god livskvalitet og til å bli hørt og forstått. God språkleg kompetanse hjå alle barn førebygger risiko for å utvikle åtferdsvanskar, lærevanskar og utfordringar med psykisk helse.

Osterøy kommune var språkommune i perioden 2018-2019. Då vart det laga ein felles overordna *Språkplan for barnehage og grunnskule i Osterøy kommune* (2020). Tilsette fekk kunnskap om språk og språkutvikling ved å bruke språkløyper som er utvikla av Lese og Skrivesenteret ved Universitetet i Stavanger.

Nytte kvardagsituasjonar og arbeide systematisk

Tilsette og foreldre må vere bruke kvardaggssituasjonar bevisst til språkstimulering og samstundes arbeide systematisk med språk for å skape engasjement, fellesskap og språkutvikling hjå barna. Barn med språkvanskar eller eit svakt utvikla språk, strevar også på andre område, sidan svært mange av

dagleglivets aktivitetar er avhengig av språket. Dei kan ha vanskar sosialt grunna at språket hindrar dei i å uttrykkja seg verbalt i sosiale samanhengar.

Kvaliteten i språkarbeidet på småbarnsavdelingar betyr mykje for barns språkutvikling. Korleis tilsette responderer på og tolkar barnas kommunikasjon og aktivt støttar barnas bruk av språk, er sentralt i dette arbeidet.

Ei dagtavle med bildestøtte bidreg til å skape oversikt, forståing og tryggleik til born som ikkje har eit talespråk, men også som støtte i språkutviklinga til alle borna. Alternativ supplerande kommunikasjon (ASK) er eit døme på å kommunisere med bildestøtte. ASK er særskilt viktig når barn ikkje utviklar talespråk, har avvikande språkutvikling eller når talespråket er veldig forsinka, utydeleg eller heilt fråverande.

Barn utviklar språket sitt gjennom leiken og barnehagens uttallige kvardagsituasjonar kor barn-barn, barn-voksen er i samspel og nyttar språket saman. Barna må ta i bruk alle sansane sine i språkinnlæringa og få mange nok repetisjonar til at språket festar seg. Barna treng å leike med språket, prøve seg fram når det gjeld grammatikk, øve, feile og prøve på nytt. Begrepsinnlæring er ei prioritet i språkarbeidet i alle aldersgrupper.

Dei gode samtalane heime og i barnehagen

Å lære seg å bruke språket i ein dialog og reflektere saman med andre, leite etter samanhengar og tenkje kreativt vil styrke språkutviklinga. Med støtte frå foreldre og dei tilsette kan språket styrkast både i leiken og i utforskinga. Å lære seg å lytte til andre sine innspel og erfaringar vil vere nyttig for all samhandling og læring vidare i livet.

Den daglege samtaleten i leik, i samlingsstunda, ved måltida, i garderoben, i sandkassen eller på dissa vil vere svært viktige arenaer for barna å lære eit rikt talespråk. Dei får utvide ordforrådet, får konkrete erfaringar med begrep, øve på turtaking i samtalar og lytte til kvarandre.

For å få til dei gode samtalane er det viktig at borna og tilsette har felles fokus. Dei må snakke med barna om det dei er opptekne av og interesserer seg for. Tette og trygge relasjonar er ein føresetnad for at barna skal ynskje å snakke og utfalde seg språkleg. Tilsette må kunne føre samtalet vidare, tilføre nye ord, ikke forenkle språket for mykje og snakke med borna så mykje som mogeleg gjennom dagen.

Å lese bøker for og saman med barna er framleis eit viktig verkemiddel i språkarbeidet. Å samlast om bøker gir nærliek, relasjonsbygging og eit felles fokus. Ofte er det å snakke om bøkene like viktig som å lese dei.

Fleirspråklege barn

For barn som ikkje brukar norsk heime vil språkmiljøet i barnehagen vere særskilt viktig. Barnehagen skal bidra til at kvar enkelt kan ivareta og utvikle sin identitet i eit inkluderande og mangfoldig fellesskap. Det er viktig for eit godt læringsmiljø og ta omsyn til fleirspråklege barn når ein planlegg og når det gjeld kva ein forventa av framgang. Fleirspråklege born kan ha noko saktare progresjon og nytta lengre tid. Det er viktig med mange repetisjonar for å auke prosessering om minnefunksjonar og med variasjon i språkinnlæringa.

4. System for kvalitetsutvikling

*Alle tilsette i oppvekstsektoren har eit felles ansvar for å utvikle ein positiv kultur for læring.
Oppvekst, undervisning og kultur har eit felles system for kvalitetsutvikling og vi har her tilpassa det til den kommunale barnehagesektoren og til barnehagen som ein lærande organisasjon.
Dei private barnehageeigarane må utvikle eit eige system for kvalitetsutvikling.*

4.1 Ansvar for kvalitet og utviklingsarbeid

Rammeplanen (2017. s.15) konkluderer med at **barnehageeigar har det juridiske ansvaret** for kvaliteten i barnehagetilbodet og at ein føl gjeldande lover og reglar.

Det er styrar sitt ansvar å leie utviklingsarbeidet, følgje opp og sikre at det vert nytta arbeidsmetodar som involverer heile personalet og at dei utviklar ein felles forståing for samfunnsoppdraget.

Den profesjonelle pedagogen bidrar aktivt til å utvikle eit profesjonsfellesskap og ein vurderingskultur for å sikre kvalitet i arbeidet. Pedagogisk leiar skal iverksette og leie arbeidet innanfor sine ansvarsområder. Rammeplanen kan sjå ut til å bruke pedagogisk leiar-begrepet som ein *kompetansebetegnelse* og ikkje ein stillingsbetegnelse (Utdanningsdirektoratet, 2015). Kompetansestrategien (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 13) kan sjå ut til å nytte *stillingsbetegnelser* då det vert skilnad mellom pedagogisk leiarars og barnehagelærars ansvar og roller. Den beskriv at barnehagelæraren har ei viktig rettleatingsrolle ovanfor andre tilsatte, medan pedagogisk leiar har ansvaret for i samarbeid med styraren å leie refleksjons- og utviklingsarbeidet.

Fagarbeidarane og assistentane har med si utdanning og erfaring ei viktig rolle i kvalitetsarbeidet i barnehagen. Dei er tett på barna heile dagen og bidreg med verdifull kunnskap om einskildbarn, barnegruppa og kva som skal til for å få god organisering. Fagarbeidarane og assistentane er viktige deltagarar i organisasjonsutvikling for å heve kvaliteten på arbeidet i barnehagen.

Samarbeid mellom leiing og tillitsvalgte i perioden 2023-2026

Vi har fått etablert gode rutiner med drøftingsmøter, der tillitsvalde og styrar saman finn fram til gode lokale løysingar. Drøftingsmøter er ein viktig funksjon og rutinane skal vidareutviklast. Alle tilsettingar er no delegert til styrar i kvar barnehage og dei tillitsvalde har roller i rekrutteringsprosessen. På organisasjonsnivå ser vi behovet for tydlegare oppgåve- og ansvarsavklaringar mellom stillingane barnehagelærar og pedagogisk leiar. Dette vil vi samarbeide om å få på plass i planperioden.

Barnehageeigar og styrarane vil saman planleggje og legge fram ein årleg framdriftsplan for kompetanseheving, i samsvar med Kvalitetsutviklingsplanen. Hovedtillitsvalgte i UF og Fag forbundet vert invitert til å kome med innspel underveis i utarbeidninga.

4.2 Planarbeidet i Osterøy-barnehagane

Barnehagen er ei pedagogisk verksemد som skal planleggjast og vurderast.

Denne Kvalitetsutviklingsplanen er kommunen som barnehageeigar si tolkning og lokale vektlegging av Rammeplan for barnehage (2017).

Kvar barnehage skal beskrive i sin årsplan korleis barnehagen skal nå målsettingane i Kvalitetsutviklingsplanen. Kvar avdeling skal med utgangspunkt i årsplanen utarbeide periodeplaner for kortare tidsrom, og den skal vere tilpassa barnegruppa sine behov, engasjement og interesser.



Figur 3. Planarbeid i Osterøy

Planlegge med utgangspunkt i pedagogisk dokumentasjon

Pedagogisk dokumentasjon er eit arbeidsreiskap som skal gjere det pedagogisk arbeidet synleg og opne opp for tolking, dialog, diskusjon og innsikt i eigen praksis. Pedagogisk dokumentasjon kan kome til syne gjennom til eksempel bilder, praksisfortellingar, utsagn eller observasjon m.m som er skriftleggjort. Når ein skal planlegge med utgangspunkt i pedagogisk dokumentasjon er det viktig å ta utgangspunkt i og støtte seg til det arbeidet ein allereie har gjort. Vidare må det vere ein open og reflekterande dialog mellom vaksne og barn som byggjer på pedagogisk dokumentasjon. Hensikten med pedagogisk dokumentasjon er å vidareutvikle personalets syn på barn, læring og kunnskap, og få barnet si stemme med vidare i planlegging av pedagogisk arbeid.

Synleggjere barnesyn og barns medverknad

Pedagogisk dokumentasjon er tett knytt opp mot eit barnesyn der alle barn vert oppfatta som kompetente, med evne, vilje og lyst til å utforske, leike og lære. Pedagogisk dokumentasjon set også barns medverknad i planleggingsarbeidet i system og oppmuntrar til en nysgjerrighetskultur der utforskning er ein sentral veg til læring. Osterøy-barnehagane skal mellom anna gjennomføre trivselssamtalar med alle 3- og 5-åringar, og desse vert brukt som utgangspunkt for pedagogisk dokumentasjon og vidare planlegging.

Praktisk tilnærming i planlegging av periodeplanar

Periodeplanar skal skje med utgangspunkt i **kollegiale refleksjonar** over til dømes observasjonar, systematisk vurdering, samtaler med barn og foreldre. Pedagogen skal ikkje planlegge åleine, men reflektere saman med andre tilsette og barna.

Visar til figur 4, som visualiserer prosessen kring pedagogisk dokumentasjon som vert lagt til grunn for ny planlegging.



Figur 4. Pedagogisk dokumentasjon som grunnlag for ny planlegging (Osterøy-barnehagane, 2023)

Personalet observerer og dokumenterer det barna er opptatt av og interessert i, og **reflekterer saman** med barna og tilsette. Nokre gonger gjeld det små og store prosjekter som barna er i gang med, andre gonger er det større prosjektarbeid initiert av tilsette. Det skal alltid ligga eit etisk perspektiv til grunn for dokumentasjon av barn, og vi er bevisste at barn har rett til vern om personleg integritet.

I refleksjonsprosessen er det viktig å stille dei gode spørsmålene, vere nysgjerrig og undrande i dialogen. Undervegs i planleggingsprosessen kan desse vere til hjelp:

- Kva fremmer eller hemmar barnas leik, utforsking og læring?
- Kva fortel barna eller deira reaksjonar om kva som er interessant, kva som engasjerer og gjer dei nysgjerrige?
- Har foreldra formidla noko om barna sitt engasjement?
- Korleis påverkar dei tilsette sine haldningar og verdiar dette?
- Er vi bevisst kva definisjonsmakt vi har kontra barna si stemme og oppleving?
- Er det noko i psykososialt miljø, fysisk miljø, struktur og organisering som fremmer eller hemmar?
- Er det noko vi kan tilføre for å drive deira leik, interesser, nysgjerrigkeit og engasjement vidare?

Dei siste fasane er å **tolke** kva dette betyr, prøve å dra slutningar, for så til slutt å **gjere valg**. Her må det pedagogiske skjønnet utøvast, ein må gjere vurderingar på kva som skal vektleggast og bli førande for den vidare planlegginga. Denne prosessen skal ligge til grunn for utarbeidninga av periodeplanar i Osterøy-barnehagane.

4.3 Kvalitetssamtalar og oppfølging av sektorleiinga

Systemet for kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i Oppvekstsektoren legg til grunn at det skal gjennomførast prosessar på politisk-, administrativt- og på avdelingsnivå.

Oppvekstsektoren har vedteke at kvar avdeling skal ta utgangspunkt i eit kunnskapsgrunnlag, og gjere ei vurdering og analyse av dette. Deretter skal kvar avdeling ha møter for kvalitetsutvikling, der prosessane fører til ein tiltaksplan og plan for gjennomføring.

I alle prosessar vert det forutsett at ein har gjensidig respekt i all kommunikasjon. Tilsette, tillitsvalde, barn og foreldre må involverast på ulike måtar for å skape felles kunnskapsgrunnlag og forankring i arbeidet. Sjå modellen nedanfor:



Figur 5. Kvalitetssystemet i sektor for Oppvekst, undervisning og kultur.

4.4 Ei konkretisering av kvalitetssystemet

Prosess	Barnehage
Kunnskapsgrunnlag Kartlegging, undersøkingar og innhenting av statistikk/nøkkeltal som skal leggast til grunn for vurdering og analyse	Kartlegging og undersøkingar <ul style="list-style-type: none"> • Trivselsamtalar med 3- og 5-åringane • Foreldreundersøking kvart partals år • Samarbeid overgang til grunnskule • Ulike kartleggingstestar ved behov • Medarbeidarundersøking 10-faktor, kvart oddetals år • Medarbeidarsamtalar Utvikling av profesjonsfellesskap <ul style="list-style-type: none"> • Pedagogisk utviklingsarbeid • Status og utviklingsbehov på fagområder: leike- og læringsmiljø, barns medverknad, inkluderande fellesskap, språk, leik, utforskande pedagogikk, livsmeistring • Ståstadsanalyse / Reflex på utvalde områder • Kompetanseheving Nøkkeltal <ul style="list-style-type: none"> • BASIL-rapportering til UDIR, blant anna bemanning og pedagognorm • SU-saker, meldingar til BV, politiattestar • Vernerunde • Drøftingsmøter – trepartssamarbeidet

Vurdering og analyse	<p>Styrar og pedagogar skal saman gjere vurderingar og analysere kunnskapsgrunnlaget.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Pedagogisk leiatar skal samanfatte kunnskapsgrunnlaget, og vurdere og analysere barna sitt læringsutbytte og læringsmiljø. Dette skal føre til utvikling. • Både erfaringar og databasert kunnskap vert nytta. • Pedagogisk leiarteam føl opp tiltak og endring i sine periodeplanar og årsplanar. • Styrar gjer ei vurdering og analyse av kunnskapsgrunnlaget på eit meir overordna nivå.
Møte for kvalitetsutvikling	<p>Samarbeidsutvalget, SU Styrar inviterer samarbeidsutvalet (tilsette, foreldre, politikar) og einingsleiar til møte for kvalitetsutvikling.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tema for møte er område barnehagen spesielt bør utvikle. Bruk vurderingar og analyse av kunnskapsgrunnlaget som grunnlag for drøfting. • Skriv ein avtale om vidare oppfølging, 1 til 3 punkt. • Avtalte punkt skal gje føring for vidare arbeid og planverk. <p>Personalmøte</p> <ul style="list-style-type: none"> • Legg fram det som er kome ut av vurderingane og analysane og møtet i SU, presenter dette på fellesmøte, eventuelt over fleire møte. Felles drøfting og refleksjonar ved bruk av IGP metoden. Innspel og forslag til tiltak vert laga og nedfelt i referat som vert sendt ut til alle tilsette. <p>Leiarsamtale</p> <ul style="list-style-type: none"> • Styrar vert invitert til leiarsamtale med einingsleiar, der styrar legg fram vurdering og analyse av kvaliteten og avtale frå møtene om kvalitetsutvikling. • Det vert sett mål for kvalitetsutviklinga vidare i barnehagen • Det skal munne ut i ein <i>langsiktig utviklingsplan</i> for korleis oppfølging, tiltak og gjennomføring skal skje for å oppnå målsettingane.
Plan og oppfølging	<p>Utvikling av fag og profesjon</p> <ul style="list-style-type: none"> • Når møtene for kvalitetsutvikling er gjennomført skal styrar legge dette grunn for utvikling av fagområdene og styrking av profesjonen. • Utviklingsområder må implementerast i neste årsplan og i periodeplanar <p>Pedagogisk leiarteam</p> <ul style="list-style-type: none"> • Einingsleiar og styrar set agenda for møte(1,5t) med pedagogisk leiarteam, med utgangspunkt i oppfølging av mål for kvalitetsutvikling av barnehagen.
Tiltak og gjennomføring	<ul style="list-style-type: none"> • Styrar er ansvarleg for at mål og tiltak i <i>langsiktig utviklingsplan</i> og årsplan vert gjennomført og følgjt opp. • Pedagogar, fagarbeidarar og assistenter har medansvar i å vedlikehalde system og rutinar for analyse, evaluere og følgje opp utviklingsområder.

Referansar

- Alvestad, M., Gjems, L., Myrvang, E, Storli, J, Tungland, I.B., Velde, K.& Bjørnestad, E. (2019) Kvalitet i barnhagen. Rapport nr 85, Gode barnehager for barn i Norge. Universitet i Stavanger.** Henta fra https://uis.brage.unit.no/uis/xmlui/bitstream/handle/11250/2630132/Rapport_85.pdf?sequence=3&isAllowed=y

Astrup, H., Myhre, J. B., Andersen, L. F., & Kristiansen, A. L. (2020). Småbarnskost 3. Landsomfattende undersøkelse av kostholdet blant 2-åringer i Norge. Oslo: Folkehelseinstituttet og Universitetet i Oslo.

Barnehagelova (2015). Henta fra <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>

Baumrind, D. (1991). Parenting styles and adolescent development. The encyclopedia of adolescence

Bernsen, A.S., Langøy, A. & Eilifsen,, M. (2021) Iscenesettelse av barnehagens lekemiljø – fra nye erfaringer til eksperimenterende og utforskende praksis. Nordisk tidsskrift for pedagogikk og kritikk. Henta fra <https://pedagoqikkokkritikk.no/index.php/ntp/article/view/2706>

Brendeland, T.A. (2018). Lekelyst - med rom for innelek. Oslo: Pedagogisk forum

Folkehelseinstituttet, Folkehelseprofil for Osterøy 2023. Lasta ned 05.03.2023: [Folkehelseprofil-2023-nb-4630-Osterøy_\(1\).pdf](https://www.fhi.no/folkehelseprofil-2023-nb-4630-Osterøy_(1).pdf)

Folkehelseinstituttet, Oppvekstprofil for Osterøy 2022. Lasta ned 05.03.2023: [Oppvekstprofil-2022-nb-4630-Osterøy.pdf](https://www.fhi.no/oppvekstprofil-2022-nb-4630-Osterøy.pdf)

Hansen, L. B., Myhre, J. B., & Andersen, L. F. (2017). UNGKOST 3. Landsomfattende kostholdsundersøkelse blant 4-åringer i Norge. Oslo: Universitetet i Oslo.

Helland, S.H: og Øverby, N.C. (2021). Barn, matmot og måltider. Helsefremmende og pedagogisk praksis. Oslo: Cappelen Damm Akademisk

Helsedirektoratet. Mat og måltider i barnehagen. Nasjonal faglig retningslinje. Henta fra <https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/mat-og-maltider-i-barnehagen>

Hernes, L., Vist, T. & Winger, N (2019). Blikk for barn. Bergen: Fagbokforlaget

Høgskulen på Vestlandet. Move-play-explore in early childhood education (MoveEarly). Henta fra <https://www.hvl.no/moveearly>

Idebanken – for et arbeidsliv som inkluderer. (2013). La meg klare det sjølv. Henta fra <https://www.idebanken.org/inspirasjon/artikler/la-mae-fa-klar-det-sjol>

Kulset, N.B. (2019). Musikk og andrespråk. Norsktilegnelse for små barn med et annet morsmål. (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget

Kunnskapsdepartementet (2018). Barnehagelærerrollen i et profesjonsperspektiv – et kunnskapsgrunnlag. Ekspertgruppen om barnehagelærerrollen. Henta fra https://nettsteder.regjeringen.no/barnehagelarerrollen/files/2018/12/Barnehagelærerr_ollen-i-et-profesjonsperspektiv-et-kunnskapsgrunnlag.pdf

Kunnskapsdepartementet (2023). Barnehager for en ny tid. Nasjonal barnehagestrategi mot 2030. Henta fra <https://www.regjeringen.no/contentassets/5bf0d0ed9f7442cdbe630c749abb8959/no/pdfs/barnehagen-for-en-ny-tid.pdf>

Kunnskapsdepartementet (2022). *Kompetanse for fremtidens barnehage. Revidert strategi for kompetanse og rekryttering 2023-2025.* Henta fra <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/kompetanse-for-fremtidens-barnehage/id2933368/>

Lund, I., Helgeland, A. & Kovac, V.B. (2017). *På vei mot en nyt forståelse av mobbing i et folkehelseperspektiv.* Henta fra <https://journals.uio.no/adno/article/view/4691>

Lund, I. og Helgeland, A. (2020). Mobbing i barnehage og skule. Nye perspektiv. Oslo: Cappelen Damm Akademisk

Marvin, B., Hoffman, K., Cooper, G. & Powell, B. (2019). *Trygghetssirkelen – en tilknytningsbasert intervension.* Oslo: Gyldendals akademisk

Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet. (2018). *Verktøy for å utvikle og gjennomføre mat- og måltidsaktiviteter i barnehagen.* Henta fra <https://mhfa.no/undervisningsressurs-for-barnehagelarerutdanningen>

Nordin-Hultman, E. (2004). *Pedagogiske miljøer og barns subjektskaping.* Pedagogisk forum, Oslo.

Osterøy kommune (2020). *Språkplan for barnehage og grunnskule.*

Osterøy kommune (2023). *Osterøy på sitt beste. Felles ansvar for sin trygg og meiningsfull kvardag.*

Roland, P., Størksen, I., Omdal, H., Midthassel, U., Fandrem, H., Godtfredsen, M. & Skeie, E. (2014). *Være sammen - Kompetanseløft for barnehagen.* Universitetet i Stavanger, Læringsmiljøsenteret

Røvik, K.A. (2007). *Trender og translasjoner: Ideer som former det 21. århundrets organisasjon.* (1. utgave). Oslo: Universitetsforlaget

Sivertsen, H., Ljunggren, B., Janninger, L & Lorentzen, R. (2020). Følgeevaluering av kompetanse for fremtidens barnehage, delrapport 5. Henta fra

<https://www.udir.no/contentassets/98823ef710ec4f6d9ac4d9c93ba9fcf0/tfou-rapport-2020-11.pdf>

Sørensen, M. (2015). [*Drama, æstetisk læring og udvikling af dramatisk legekompetence i børnehaven.*](#) Ph.d.-afhandling. Aarhus Universitet, Institut for Uddannelse og Pædagogik.

Universitetet i Stavanger. *Språkløyper.* Henta fra <https://sprakloyper.uis.no/barnehage>

Utdanningsdirektoratet. (2017). *Rammeplan for barnehagen, innhold og oppgaver.* Oslo: Utdanningsdirektoratet.

Utdanningsdirektoratet. *Arbeid med kvalitet og kompetanse.* Henta fra <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/>

Wehus, W. (2019). *Slik overvinner barn frykten for ny mat.* Artikkelen, Forskning.no. Henta fra <https://forskning.no/barn-og-ungdom-mat-og-helse-partner/slik-overvinner-barn-frykten-for-ny-mat/1369678>

Ødegaard, E.E. (2021). *Reimagining “Collaborative Exploration”—A Signature Pedagogy for Sustainability in Early Childhood Education and Care.* Henta fra <https://www.mdpi.com/2071-1050/13/9/5139>